

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
05/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	06.02.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/538	

## Søknad om salsløyve frå AS Vinmonopolet

### Forslag til vedtak:

1. AS Vinmonopolet får salsbevilling for alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volum prosent i Radøy kommune, jf. alkohollova § 3-1.
2. Kommunestyret vedtar lokalisering etter eigen søknad, jf. alkohollova § 3-3.
3. Salsbevillinga gjeld fram til 30.06.16, jf. alkohollova § 1-6.

### Saksopplysingar:

På bakgrunn av at styret i AS Vinmonopolet 21.11.13 avgjorde at det kan etablerast vinmonopolutsal på Manger, søker AS Vinmonopolet om løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent. I søknaden vert det opplyst at planen er å etablera ein sjølvbetent butikk, med mindre Vinmonopolet mottar melding om at kommunen ønsker å stilla vilkår om sal over disk.

Vinmonopolet ønsker å starta arbeidet med å finna eigna lokale så raskt som mogleg, og opplyser i søknaden at dei vil annonsera etter ledige lokale i media parallelt med søknadsprosessen.

Vinmonopolet vil koma attende til kommunen med eigen søknad om godkjenning av lokalisering av butikken, jf. alkohollova § 3-3, og tek sikte på å opna butikk i andre halvår av 2014.

Det følgjer av alkohollova § 1-6 at salsbevilling til AS Vinmonopolet kan gjevest for fire år om gongen, med opphør seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltre. Vinmonopolet sine opningstider skal vera i tråd med regelverket, jf. alkohollova § 3-4.

Spørsmål om etablering av vinmonopolutsal på Manger vart handsama politisk i 2005. I KS-sak 037/05, 30.06.05, gjorde kommunestyret vedtak om å søkja Vinmonopolet om etablering av utsal på Manger. Kommunen sendte søknad 01.07.05, men denne vart ikkje innvilga. Kommunen mottok søknad om salsbevilling frå AS Vinmonopolet 13.12.13.

I tråd med alkoholloven § 1-7 har søknaden vore på høyring hjå NAV Radøy og Politiet, som begge har kome med uttale i saka.

### Vurdering:

Ei vurdering av søknad om etablering av vinmonopolutsal på Manger må ta omsyn til både næringsforhold og ruspolitiske argument. Å etablera eit vinmonopolutsal vil kunne ha ein gunstig effekt på næringsutviklinga på Manger, t.d. ved at kundar som elles ville reist til polutsal i Knarvik, no også vil gjera øvrige innkjøp på Manger. Såleis kan etablering av eit vinmonopolutsal redusera handelslekkasje til Knarvik. Etablering av vinmonopolutsal vil også ha ein gunstig effekt på å oppretthalda næringsaktivitet lokalt, ved at nye aktørar etablerer seg i Manger sentrum. Dette var sentrale argument då kommunestyret i 2005 vedtok å søkja om etablering av vinmonopol på Manger. Etablering av eit vinmonopol på Manger vil også vera eit bidrag til det lokale tenestetilbodet som er etterspurt av mange innbyggjarar.

Sett frå ein ruspolitisk ståstad må ein ta omsyn til at ein ved å gjera tilgangen på alkoholhaldige drikkevarer enklare, også kan påverka grad av rusmiddelmisbruk. I dag er nærmaste vinmonopolutsal lokalisert i Knarvik. I Ruspolitisk handlingsplan for Radøy kommune (2011-2014) heiter det at: «*Det er godt dokumentert at dei mest effektive førebyggjande verkemidla er det som reduserar tilgjenge til alkohol*». Også NAV Radøy viser til liknande argumentet i sin høyringsuttale:

*«NAV er av den oppfatning at etablering av eit pol på Manger ikkje vil være med på å redusera alkoholkonsumet, heller det motsette. Vi har dei siste åra merka ein auke i rusmiddelbruk hjå fleire av våre brukarar. (...) Og etablering av eit vinmonopol vil etter vår oppfatning kunne være med på å auke desse problema».*

NAV uttalar også at etablering av eit vinmonopolutsal på ein liten plass som Manger ikkje vil vera ein positiv faktor i nærmiljøet, ved at det kan tiltrekka seg element i form av rus og bråk.

Hovudmålet i Ruspolitisk plan er at «*Radøy kommune skal redusere og motverke misbruk av rusmiddel gjennom førebyggjande arbeid*». Strategien i planen er å førebyggja at ungdom under 18 år rusar seg, oppnå betre samhandling mellom kommunen sine tenesteytarar, og tilby rusmisbrukarar heilskapleg oppfølging og rehabilitering.

Søknaden har vore på høyring til Politiet, som uttalar at dei «*ikkje har merknader til at salsløyve vert gjeve til AS Vinmonopolet i forbindelse med etablering av butikk på Manger, Radøy kommune*».

På bakgrunn av ein heilskapleg vurdering har rådmannen funnet å tilrå at det vert gjeve salsbevilling til AS Vinmonopolet i Radøy kommune.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. AS Vinmonopolet får salsbevilling for alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volum prosent i Radøy kommune, jf. alkohollova § 3-1.
2. Kommunestyret vedtar lokalisering etter eigen søknad, jf. alkohollova § 3-3.
3. Salsbevillinga gjeld fram til 30.06.16, jf. alkohollova § 1-6.

#### **23.01.2014 FORMANNSKAPET**

Ann Christin Hoen (Ap) ønskjer attendemelding frå politiet om eventuelle negative verknader og endringar i lokalmiljøet etter at vinmonopol-utsal er kome i drift.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **FS-008/14 VEDTAK:**

1. AS Vinmonopolet får salsbevilling for alkoholhaldig drikk med

- høgare alkoholinnhald enn 4,7 volum prosent i Radøy kommune, jf. alkohollova § 3-1.
2. Kommunestyret vedtar lokalisering etter eigen søknad, jf. alkohollova § 3-3.
  3. Salsbevillinga gjeld fram til 30.06.16, jf. alkohollova § 1-6

### **Kommunestyret i Radøy - 05/2014**

#### **KS - behandling:**

Etter eit ordskifte der argument for og mot polutsal vart fremja, vart det røysta over formannskapet si tilråding i saka.

Formannskapstilrådinga vart vedteken med 21 røyster mot 4 røyster (David Pletten Aasgard, Arvid Kjærstad Aasgard, begge KrF, Oddmund Skjelvik, Sp, Karolina Vaktskjold, Høgre).

#### **KS - vedtak:**

- a. AS Vinmonopolet får salsbevilling foralkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volum prosent i Radøy kommune, jf. alkohollova § 3-1.
- a. Kommunestyret vedtar lokalisering etter eigen søknad, jf. alkohollova § 3-3.
- b. Salsbevillinga gjeld fram til 30.06.16, jf. alkohollova § 1-6.

#### **Vedlegg:**

Radøy kommune - salgsbevilling.docx (L)(195416)

Uttale frå Radøy lensmannskontor

Uttale i høve etablering av Vinmonopol på Manger NAV